SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karl Viken	**Arkivkode**: FE-151
Arkivsaksnr: 22/326	**Løpenr**: 22/8310
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	10.11.2022	063/2022
Kommunestyret	08.12.2022	079/2022

Budsjett og økonomiplan 2023- 2026

08.12.2022 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Relativ fattigdom, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Rådmann får i oppgåve å vurdere løysingar for å bekjempe relativ fattigdom i Samnanger kommune. Som del av dette arbeidet ber kommunestyret rådmann vurdere følgjande løysing:

Kommunen opprettar eit nytt tenestetilbod der ein skal kontakte familiar som lever med relativ fattigdom, der familiane blir møtt med respekt og forståelse for at det er familiane sjølv som veit kva utfordringar dei har. På grunnlag av møta med familiane skal det setjast opp tilpassa støttetiltak/ handlingsprogram for den enkelte familie. Det skal i oppfølginga av familiar vere satsing på økonomisk veiledning. Det nye tenestetilbodet må ha eit særskilt koordineringsansvar for å involvere kommunens samla tenester til støtte for familiane som lever i relativ fattigdom.

Det skal i vurdering av løysingar vere ei målsetting å nytte kommunens tilgjengeleg ressursar, at det ikkje nødvendigvis skal medføre fleire tilsette men at arbeid og løysingar inngår som del av den drifta som kommunen har i dag.

Kommunestyret oppfordrar rådmann til å hente kunnskap og inspirasjon frå «Familiepartner», ei løysing utvikla av SOS barnebyer.

Kommunestyret oppfordrar rådmann til å hente kunnskap og inspirasjon frå ReHabiliteringsklinikken v/ Helse Bergen.

Kommunestyret gjer rådmann fullmakt til å vurdere og eventuelt søkje om Samnanger kommune skal bli med i det statlege forsøksprosjektet om Frikommune. Søknadsfrist er forventa å vere første halvår i 2023.

Rådmann rapporterer om arbeidet til formannskap og kommunestyre.

Bubilparkering, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Rådmann får i oppgåve å vurdere løysingar for bubilparkering på Bjørkheim, nede ved Grunnavågen. Løysing for bubilparkering skal sjåast i lys av andre tiltak der målsettinga er at område skal vere levande, tilgjengeleg, trygt og attraktivt. Ambisjonen er å få etablert bubilparkering før sumaren 2023. Rådmann leverer sak til første kommunestyremøte i 2023.

Ny kunstgrasbane i Hagabotnane, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Rådmann får i oppgåve å undersøkje moglegheiter for etablering av ny kunstgrasbane m/ undervarme i Hagabotnane. Rådmann leverer sak til kommunestyret våren 2023.

Motorsportbane, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Rådmann får i oppgåve å undersøkje moglegheitar for å etablere motorsportbane i Samnanger der det mellom anna vert lagt til rette for trial og enduro. Rådmann leverer sak til kommunestyret ila 2023.

Straumsrøtte, foreslått av Gunn Totland Moss, Kristeleg Folkeparti
Med bakgrunn i tidlegare innspel frå Krf om ei universell straumstøtte som alle husstandar kan dra nytte av, får rådmannen i oppgåve å vurdera ein eingongsstønad på kr 3000 til alle husstandar. Dette vert og sett i samanheng med arbeidet med relativ fattig dom og eventuell straumstøtte til bedrifter, som alle har hatt utfordringar knytt til høgare straumutgifter.

Vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane, foreslått av Martin Haugen, Bygdalista
Premiss nr. 12 vert teken inn i budsjett for 2023. Det vert sett av kr. 165 000 til brøyteutstyr og kr. 40 000 til ekstra årleg vedlikehald. Rådmann får fullmakt til å finna finansiering, til dømes gjennom vurdering av inntektsnivå.

framlegg budsjett og økonomiplan, foreslått av Monica Tjønna, Senterpartiet
-Det vert løyvd kr 50.000,- retta til nytilsett aktivitør på Skottebakken. Støtta er løyvd for at det skal kunne kjøpas inn materiale som gjer at brukarene på Skottebakken kan driva aktivitet/produksjon, som på sikt skal drivas etter sjølvkostprinsippet.
Pengane hentas frå dispensasjonsfondet.

Monica Tjønna
Sp

Framlegg frå AP, Mdg og Høgre, foreslått av Shirin Kvernes Khadoor, Arbeiderpartiet
Budsjettet vert vedteke med følgande endringar:

1. Følgande tiltak vert lagt inn som eingongstiltak i driftsbudsjettet:

- oppgradering av sløydsal, barneskule: 40.000
- oppgradering pultar og gymsal, ungdomsskulen: 80.000
- syklar og vogn til barnehagar: 50.000
- dører mellom avdelingane i Dråpeslottet: 15.000

2. Det vert lagt inn følgande varige tiltak:

- 459.000 årleg til fritidskortordning for barn og unge i økonomiplanperioden
- 36.000 årleg til COS-P-foreldrerettleiing i økonomiplanperioden
- 100.000 årleg til dirigent for aspirantkorps i økonomiplanperioden.

3. Endring i pkt. 12: Kyrkjebudsjettet vert styrka med 152.000, jf. vedtak i tidlegare sak.

4. Det vert lagt inn ein pott til støtteordninga for klima- og energisparetiltak som ikkje vert støtta av ENOVA. Retningsliner med utgangspunkt i tilsvarande ordning i Kvam herad vert lagt fram for politisk

handsaming våren 2023. Det vert sett av 1.000.000 kroner til denne ordninga i 2023.

5. Samla utgjer desse endringane påplussingar på 1.932.000 i 2023. Desse vert finansiert gjennom:

- fjerning av rådveldekonto, politikarar, 500.000
- redusert avsetnad til disposisjonsfond, 1.432.000

6. Punkt 14 vert lydande slik: Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i kommunen i 2023. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 ‰. Satsane er differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,8 ‰.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 200 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget som vert redusert med 5/7 delar i 2023. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 2 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte.
Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

7. Dette inneber at det generelle nedtrekket i budsjettet vert redusert med 1,8 mill.

8. Verbalpunkt, skulemat:Kommunestyret gjev Rådmann, i samarbeid med skuleleiing og HTV, oppdrag å legge fram for kommunestyret kva rammer som er naudsynte for at skulen skal kunne gjennomføre gratis skulelunsj på ein måte som er foreinleg med skuletid og ressursbruk.

Straumstøtte del 2, foreslått av Gunn Totland Moss, Kristeleg Folkeparti
Utfrå 900 husstandar vert kostnaden 3000x900= 2,7 mill. Takast av konsesjonskraftinntektene.

Sak 2022/079, foreslått av Øyvind Røen, Senterpartiet

1. Skulemat: Rådmannen legg fram sak der ein vurderer å gje elevane på ungdomsskulen gratis lunsj to dagar i veka og frukost kvar dag. Saka vert fremja for kommunestyret i februar.

2. Tilskot til skulemusikken: Rådmannen legg fram sak til kommunestyremøtet i februar der ein vurderer dette sett i lys av den samla støtta til kulturlivet i Samnanger.

3. Relativ fattigdom: Rådmannen legg fram sak til kommunestyremøtet i juni der det vert gjort ei vurdering av desse tiltaka.

- fritidskort
- varmepumpe
- straumstøtte

Styrketrening, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet
Adrimisjonen utarbeider forslag til styrketrening til alle som fyller 70 år samt vurderer hvilke besparelser dette kan gi i helsebudsjettet til kommunestyremøte i februar.

Justert framlegg frå Ap, MDG og H, foreslått av Shirin Kvernes Khadoor, Arbeiderpartiet
Som tidlegare framlegg med følgande endring:
+50.000 til aktivitør
-50.000 til disposisjonsfond

Trening for eldre, foreslått av Karl Bård Kollbotn, Framstegspartiet
Administrasjonen utarbeider forsalag til styrketrening til alle som fyller 70 år, samt vurderer hvilke besparelser dette kan gi i budsjettet til kommunestyret i februar 2023. Vi ber Rådmann om å utgreie ulike alternative løysingar.

Vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane, justering, foreslått av Ove Totland, Bygdalista
Premiss nr. 12 vert teken inn i budsjett for 2023. Det vert sett av kr. 165 000 til brøyteutstyr og kr. 40 000 til ekstra årleg vedlikehald. Finansiering vert teken gjennom justering av skatteanslag.

Protokollmerknad frå Ap, MDG og H, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista
Me har fremma eit heilskapleg, alternativt budsjettframlegg. Grunna voteringsorden ser me oss naudsynte til å likevel røysta for budsjettet med dei endringar kommunestyret har gjort i møtet, då alternativet ville vera å røysta for den opphavlege innstillinga. Etter vår oppfatting er dette er uheldig og uryddig.

Handsaming:
Innleiingsvis orienterte kommunalsjef Karl Viken og rådmann Ove Sæbø om framlegget til budsjett og økonomiplan, samt om innkomne innspel/uttalar til framlegget.

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram fire endringsframlegg. Framlegga gjaldt relativ fattigdom, bubilparkering, ny kunstgrasbane i Hagabotnane og motorsportbane.

Gunn Totland Moss sette fram eit endringsframlegg om straumstøtte.

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) sette fram eit endringsframlegg, med åtte punkt. Dette var eit fellesframlegg frå Ap, MDG og Høgre. Seinare under handsaminga av saka orienterte Gunn Østvik Petersen (Ap) særskilt om eitt av punkta i framlegget.

Monica Tjønna (Sp) sette fram eit endringsframlegg om midlar retta til aktivitør på Skottabakken.

Martin Haugen (Bl) sette fram eit endringsframlegg om vinteropen kunstgrasbane i Hagabonane.

Knut Harald Frøland og Shirin Kvernes Khadoor bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (Sp) fram eit endringsframlegg med tre punkt: skulemat, tilskot til skulemusikken og relativ fattigdom. Dette var eit fellesframlegg frå Sp, KrF, Frp og Bl.

Gunn Totland Moss orienterte om at ho hadde lagt inn eit tillegg til endringsframlegget sitt om straumstøtte.

Monica Tjønna (Sp) varsla ein protokollmerknad om at ho ikkje kan røysta for bygging av fleirbrukshall på Lauskarmyra.

Karl Bård Kollbotn varsla ein protokollmerknad om at Frp ikkje kan røysta for bygging av fleirbrukshall på Lauskarmyra.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram eit endringsframlegg om styrketrening.

Martin Haugen (Bl) orienterte om ei justering i endringsframlegget om vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane. Framlegget vart lagt inn i Møteportalen av Ove Totland.

Shirin Kvernes Khadoor orienterte om ei justering i fellesframlegget frå Ap, MDG og Høgre.

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram eit endringsframlegg om trening for eldre.

Odd Arne Haga orienterte om at han trekte endringsframlegget sitt om styrketrening, og at dette framlegget vart erstatta av framlegget til Karl Bård Kollbotn om trening for eldre.

Røysting:
1. Røysting over fellesframlegget frå Ap, MDG og Høgre. Framlegget fekk 5 røyster og vart ikkje vedteke.

For	Imot
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Knut Harald Frøland (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Lena Tveit (Bl)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Arild Røen (H)	Dag Nydal (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Martin Haugen (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Monica Tjønna (Sp)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)

2. Røysting over framlegget frå Knut Harald Frøland om relativ fattigdom. Framlegget vart samrøystes vedteke.

3. Røysting over framlegget frå Knut Harald Frøland om bubilparkering. Framlegget vart vedteke med 17 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Dag Nydal (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Ove Totland (Bl)	

Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Monica Tjønna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	

4. Røysting over framlegget frå Knut Harald Frøland om ny kunstgrasbane i Hagabotnane. Framlegget vart vedteke med 10 mot 9 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Dag Nydal (Bl)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Steinsland (Bl)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Martin Haugen (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Ove Totland (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Solveig Vassenden (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Monica Tjønna (Sp)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Øyvind Strømmen (MDG)
Gunn Totland Moss (KrF)	

5. Røysting over framlegget frå Knut Harald Frøland om motorcrossbane. Framlegget vart samrøystes vedteke.

6. Røysting over framlegget frå Gunn Totland Moss om straumstøtte. Framlegget fekk 1 røyst og vart ikkje vedteke.

For	Imot
Gunn Totland Moss (KrF)	Knut Harald Frøland (Bl)
	Lena Tveit (Bl)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Dag Nydal (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Jon Magne Bogevik (Ap)
	Monica Tjønna (Sp)
	Øyvind Røen (Sp)
	Arild Røen (H)

	Øyvind Strømmen (MDG)

7. Røysting over framlegget frå Martin Haugen om vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane. Framlegget vart vedteke med 16 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Dag Nydal (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Monica Tjønna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	

8. Røysting over framlegget frå Monica Tjønna om midlar retta til aktivitør på Skottabakken. Framlegget vart samrøystes vedteke.

9. Røysting over fellesframlegget frå Sp, KrF, Frp og Bl om skulemat, tilskot til skulemusikken og relativ fattigdom. Framlegget vart samrøystes vedteke.

10. Røysting over framlegget frå Karl Bård Kollbotn om trening for eldre. Framlegget vart samrøystes vedteke.

11. Det vart til slutt røysta over heile budsjett-/økonomiplanframlegget, inkludert dei vedtekne tilleggspunkta. Samrøystes vedteke.

Etter at røystinga i saka var avslutta varsla Øyvind Strømmen ein protokollmerknad om voteringsorden i saka.

Protokollmerknader i saka:

Protokollmerknad frå Monica Tjønna (Sp)
Eg kan ikkje røysta for bygging av fleirbrukshall på Lauskarmyra.

Protokollmerknad frå Frp:
Når vi stemmer over budsjettet i sin helhet, vil vi ha en protokolltilførsel på at Samnanger Frp tar flerbrukshallen ut av budsjettet 2023-2026. Grunnen er at Samnanger Frp ikke kan gå inn for å bruke 95 millioner til flerbrukshall, da den totale kostnaden ikke er tilfredstillende utredet.

Protokollmerknad frå Ap, MDG og H:
Me har fremma eit heilskapleg, alternativt budsjettframlegg. Grunna voteringsorden ser me oss naudsynte til å likevel røysta for budsjettet med dei endringar kommunestyret har gjort i møtet, då alternativet ville vera å røysta for den opphavlege innstillinga. Etter vår oppfatting er dette er uheldig

og uryddig.

KS- 079/2022 Vedtak:
1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023–2026 vert vedteke slik det ligg føre, med desse endringane (punkt A–J):
A. Relativ fattigdom:
Rådmannen får i oppgåve å vurdere løysingar for å bekjempe relativ fattigdom i Samnanger kommune. Som del av dette arbeidet ber kommunestyret rådmannen vurdere følgjande løysing:

Kommunen opprettar eit nytt tenestetilbod der ein skal kontakte familiar som lever med relativ fattigdom, der familiane blir møtt med respekt og forståing for at det er familiane sjølv som veit kva utfordringar dei har. På grunnlag av møta med familiane skal det setjast opp tilpassa støttetiltak/handlingsprogram for den enkelte familie. Det skal i oppfølginga av familiar vere satsing på økonomisk rettleiing. Det nye tenestetilbodet må ha eit særskilt koordineringsansvar for å involvere kommunen sine samla tenester til støtte for familiane som lever i relativ fattigdom.

Det skal i vurdering av løysingar vere ei målsetting å nytte kommunen sine tilgjengelege ressursar, at det ikkje nødvendigvis skal medføre fleire tilsette men at arbeid og løysingar inngår som del av den drifta som kommunen har i dag.

Kommunestyret oppfordrar rådmannen til å hente kunnskap og inspirasjon frå «Familiepartner», ei løysing utvikla av SOS-barnebyer.

Kommunestyret oppfordrar rådmannen til å hente kunnskap og inspirasjon frå ReHabiliteringsklinikken v/ Helse Bergen.

Kommunestyret gjer rådmannen fullmakt til å vurdere og eventuelt søkje om Samnanger kommune skal bli med i det statlege forsøksprosjektet om Frikommune. Søknadsfrist er forventa å vere første halvår i 2023.

Rådmannen rapporterer om arbeidet til formannskap og kommunestyre.

B. Bubilparkering
Rådmannen får i oppgåve å vurdere løysingar for bubilparkering på Bjørkheim, nede ved Grunnavågen. Løysing for bubilparkering skal sjåast i lys av andre tiltak der målsettinga er at området skal vere levande, tilgjengeleg, trygt og attraktivt. Ambisjonen er å få etablert bubilparkering før sumaren 2023. Rådmannen leverer sak til første kommunestyremøte i 2023.

C. Ny kunstgrasbane i Hagabotnane
Rådmannen får i oppgåve å undersøkje moglegheiter for etablering av ny kunstgrasbane m/undervarme i Hagabotnane. Rådmannen leverer sak til kommunestyret våren 2023.

D. Motorsportbane
Rådmannen får i oppgåve å undersøkje mogelegheiter for å etablere motorsportbane i Samnanger der det mellom anna vert lagt til rette for trial og enduro. Rådmannen leverer sak til kommunestyret i løpet av 2023.

E. Vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane
Premiss nr. 12 vert teken inn i budsjett for 2023. Det vert sett av kr. 165 000 til brøyteutstyr og kr. 40 000 til ekstra årleg vedlikehald. Finansiering vert teken gjennom justering av skatteanslag.

F. Midlar retta til aktivitør på Skottabakken
Det vert løyvd kr 50.000 retta til nytilsett aktivitør på Skottebakken. Støtta er løyvd for at det skal

kunne kjøpast inn materiale som gjer at brukarene på Skottebakken kan driva aktivitet/produksjon, som på sikt skal drivast etter sjølvkostprinsippet.
Pengane skal hentast frå dispensasjonsfondet.

G. Skulemat
Rådmannen legg fram sak der ein vurderer å gje elevane på ungdomsskulen gratis lunsj to dagar i veka og frukost kvar dag. Saka vert fremja for kommunestyret i februar.

H. Tilskot til skulemusikken
Rådmannen legg fram sak til kommunestyremøtet i februar der ein vurderer dette sett i lys av den samla støtta til kulturlivet i Samnanger.

I. Relativ fattigdom
Rådmannen legg fram sak til kommunestyremøtet i juni der det vert gjort ei vurdering av desse tiltaka:

- fritidskort
- varmepumpe
- straumstøtte

J. Trening for eldre
Administrasjonen utarbeider forslag til styrketrening til alle som fyller 70 år, samt vurderer kva innsparingar dette kan gje i budsjettet til kommunestyret i februar 2023. Me ber rådmannen om å utgreie ulike alternative løysingar.

2. Budsjettert låneopptak i 2023 med bakgrunn i investeringsbudsjettet er på samla 26,66 mill. kr. Av dette skal det takast opp eit lån på 5,5 mill. kr innan sjølvkost som skal gå til VA infrastruktur (4 mill. kr) og Reservevassforsyning (1,5 mill. kr).

Dette i samsvar med kommunelova § 14-15 fyrste ledd.

3. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 vert lik oppstillingane i bevilgningsoversikt drift §5-4, bevilgningsoversikt investering §5-5, økonomisk oversikt drift §5-6 og oversikt gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar §5-7.

4. Årsbudsjettet for 2023 vert vedteke på sum netto driftsrammer for sektorane, rådmann, fellesinntekter og felleskostnadar.

5. Rådmannen vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. samsvar Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

- Justere budsjetta som følgje av sentrale og lokale lønsoppgjer
- Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer
- Gjennomføre låneopptak; nye lån og refinansieringar
- Utføre budsjettreguleringar av teknisk karakter innanfor drift og investering

6. Kontrollutvalet vert gjeve ei ramme på 848 100 kr.

7. Barnevernsutvalet sitt budsjett vert vidareført, oppjustert til 2023- tal.

8. Det vert starta eit arbeid med heilskapleg plan for framtidige behov.

9. Program for handlefridom skal gjennomførast i planperioden 2023- 2026.

10. Det vert oppretta eit kommunalt innovasjons- og utviklingsfond med eigne vedtekter. Fullmakt og delegering vert ført inn i kommunen sitt delegeringsreglement.

11. Det vert gjeve ei fullmakt frå politisk nivå til rådmann i høve til å framforhandle avtalar som kan

avslutte pågåande rettssaker innanfor barnevernsområdet. Dette innanfor dei økonomiske rammene for budsjett 2023.

12. Tilskot til Samnanger kyrkjestyre vert lagt fram i eiga sak.

13. Betalingssatsar – gebyr avgifter 2023 vert lagt fram i eiga sak.

14. Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i kommunen i 2023. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 ‰. Satsane er differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 1,4 ‰. Satsen for bustadar og fritidseigedomar vert med det halvert.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget som vert redusert med 5/7 delar i 2023. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 2 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

10.11.2022 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Forslag til endring av budsjettvedtak, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet
Pkt 1 og 3 i rådmannens forslag til vedtak endres til budsjett for 2023 eller tas ut av forslaget. FRP kan ikke stemme for 95 mill til idrettshall på Lauskarmyra før kostnadene er verifisert.

Skulemat, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet
Forslag til Gratis skolemat.
Det skal fra 1/1 2023 innføres gratis skolelunch til elevene ved Samnanger Ungdomsskole minimum 2 ganger i uken. I tillegg skal det fra 1/1 2023 innføres gratis frokost hver dag både på barneskolen og Ungdomsskolen.
Skolelunchen og frokost skal finansieres som følger;
KIWI og SPAR leverer matsvinn til redusert pris, dvs mat som er i ferd med å gå ut på dato. Bjørkheim kro og Milano skal også forespørres.
Resten tas av disposisjonsfondet

FRP 10/11-22

Styrketrening for eldre, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet
Forslag til styrketrening av eldre personer over 70 år.
For at eldre over 70 år skal klare seg selv hjemme, unngå benbrudd, redusere demens, ensomhet og redusere behovet for helsetjenester skal alle som fyller 70 år få et tilbud om personlig styrketrening min. en til to ganger i uken fra 1/1 2023
Treningen finansieres som følger;
Egenbetaling etter evne.
Resten tas av disposisjonsfondet

FRP 10/11-22

Eiendomsskatt, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet
Forslag til fjerning av eiendomsskatten.
All eiendomsskatt på hus og hytter skal fjernes fra 1/1 2023
Finansieres som følger;
Tas av disposisjonsfondet

FRP 10/11-22

Vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane, foreslått av Martin Haugen, Bygdalista
Premiss nr. 12 vert tatt inn i budsjett for 2023. Det vert sett av 165 000 til brøyteutstyr 40 000 til ekstra årleg vedlikehald. Finansiering vert teken frå disposisjonsfondet.

Bubilparkering, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Det skal utarbeidast plan (tiltak, finansiering og framdriftsplan) for bubilparering på Bjørkheim nede ved Vågen. Dersom tiltaket ikkje lar seg utføre før ny områdeplan på Bjørkheim er vedtatt skal det inngå som del av ny områdeplan.
Rådmann leverer sak til første kommunestyremøte i 2023.

Relativ fattigdom, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Kommunestyret ber rådmann vurdere løysingar for å bekjempe relativ fattigdom i Samnanger kommune. Som del av dette arbeidet ber kommunestyret rådmann vurdere følgjande løysing:
Kommunen opprettar ei ny teneste som skal kontakte familiar som lever med relativ fattigdom, der familiane blir møtt med stor respekt og forståelse for at det er familiane sjølv som veit kva problem dei har. På grunnlag av møta med familiane skal det setjast opp tilpassa støttetiltak/ handlingsprogram for den enkelte familie (startlån etc). Det skal i oppfølginga av familiar vere ei spesielt fokusering på økonomisk veiledning. Den nye tenesta får eit særskilt koordineringsansvar for å innvolvere kommunens samla tenester til støtte for familiane som lever i relativ fattigdom.
Det skal i vurdering av løysingar for å bekjempe relativ fattigdom vere prioritet å nytte kommunens tilgjengeleg ressursar, at det ikkje nødvendigvis skal medføre fleire tilsette.
Kommunestyret oppfordrar rådmann til å hente kunnskap og inspirasjon frå «Familiepartner», ei løysing utvikla av SOS barnebyer. Kommunestyret oppfordrar rådmann til også å hente kunnskap og inspirasjon frå ReHabiliteringsklinikken v/ Helse Bergen.
Rådmann leverer sak til kommunestyret våren 2023.

Ny kunstgrasbane i Hagabotnane, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Rådmann får i oppgåve å undersøkje moglegheiter for etablering av ny kunstgrasbane m/ undervarme i Hagabotnane. Rådmann leverer sak til kommunestyret våren 2023.

Motorsportbane, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Rådmann får i oppgåve å undersøkje moglegheitar for å etablere motorsportbane for trial og enduro i Samnanger. Rådmann leverer sak til kommunestyret ila 2023.

Handsaming:

Innleiingsvis orienterte Ove Sæbø om rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan.

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg om fire tilleggspunkt.

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) bad om gruppemøte.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg om fire tilleggspunkt.

Martin Haugen (Bl) sette fram framlegg om eit tilleggspunkt.

Etter gruppemøtet sette Knut Harald Frøland fram følgjande framlegg til vedtak:

"Framlegget frå rådmannen til budsjett og økonomiplan 2023–2026 blir lagt ut på høyring, og innkomne tilleggspunkt blir lagt med som protokollmerknad til høyringa."

Før røystinga bad Øyvind Røen (Sp) om at møtereferenten får fullmakt til å omsetja dei framlegga (tilleggspunkta) som var skrivne på bokmål til nynorsk. Formannskapet slutta seg til dette.

Framlegget som Knut Harald Frøland sette fram etter gruppemøtet vart samrøystes vedteke.

Tilleggspunkt/protokollmerknad:
Etter omsetjing til nynorsk av tilleggspunkta frå Framstegspartiet, er tilleggspunkta (protokollmerknaden) som følgjer:
Tilleggspunkt 1. Forslag til endring av budsjettvedtak. Sett fram av Odd Arne Haga, Framstegspartiet:
Pkt. 1 og 3 i rådmannen sitt forslag til vedtak vert endra til budsjett for 2023 eller blir teke ut av forslaget. Frp kan ikkje stemme for 95 mill. til idrettshall på Lauskarmyra før kostnadene er verifiserte.

Tilleggspunkt 2. Skulemat. Sett fram av Odd Arne Haga, Framstegspartiet:
Forslag til Gratis skolemat.
Det skal frå 1/1-2023 innførast gratis skulelunsj til elevane ved Samnanger ungdomsskule minimum 2 gongar i veka. I tillegg skal det frå 1/1-2023 innførast gratis frukost kvar dag både på barneskulen og ungdomsskulen.
Skulelunsjen og frukosten skal finansierast som følgjer;
KIWI og SPAR leverer matsvinn til redusert pris, dvs. mat som er i ferd med å gå ut på dato.
Bjørkheim Kro og Milano skal også førespørjast.
Resten vert teke av disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt 3. Styrketrening for eldre. Sett fram av Odd Arne Haga, Framstegspartiet:
Forslag til styrketrening av eldre personar over 70 år.
For at eldre over 70 år skal klare seg sjølve heime, unngå beinbrot, redusera demens, einsemd og redusere behovet for helsetenester skal alle som fyller 70 år få eit tilbod om personleg styrketrening minst ein til to gongar i veka frå 1/1-2023
Treninga vert finansiert som følgjer;
Eigenbetaling etter evne.
Resten vert teke av disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt 4. Eigedomsskatt. Sett fram av Odd Arne Haga, Framstegspartiet:

Forslag til fjerning av eiendomsskatten.
All eiendomsskatt på hus og hytter skal fjernast fra 1/1-2023
Vert finansiert som følgjer;
Vert teke av disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt 5. Vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane. Sett fram av Martin Haugen, Bygdalista:
Premiss nr. 12 vert tatt inn i budsjett for 2023. Det vert sett av 165 000 til brøyteutstyr 40 000 til ekstra årleg vedlikehald. Finansiering vert teken frå disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt 6. Bubilparkering. Sett fram av Knut Harald Frøland, Bygdalista:
Det skal utarbeidast plan (tiltak, finansiering og framdriftsplan) for bubilparering på Bjørkheim nede ved Vågen. Dersom tiltaket ikkje lar seg utføre før ny områdeplan på Bjørkheim er vedtatt skal det inngå som del av ny områdeplan.
Rådmannen leverer sak til første kommunestyremøte i 2023.

Tilleggspunkt 7. Relativ fattigdom. Sett fram av Knut Harald Frøland, Bygdalista:
Kommunestyret ber rådmannen vurdere løysingar for å bekjempe relativ fattigdom i Samnanger kommune. Som del av dette arbeidet ber kommunestyret rådmannen vurdere følgjande løysing:
Kommunen opprettar ei ny teneste som skal kontakte familiar som lever med relativ fattigdom, der familiane blir møtte med stor respekt og forståing for at det er familiane sjølv som veit kva problem dei har. På grunnlag av møta med familiane skal det setjast opp tilpassa støttetiltak/handlingsprogram for den enkelte familie (startlån etc). Det skal i oppfølginga av familiar vere ei spesielt fokusering på økonomisk veiledning. Den nye tenesta får eit særskilt koordineringsansvar for å innvolvere kommunen sine samla tenester til støtte for familiane som lever i relativ fattigdom.
Det skal i vurdering av løysingar for å bekjempe relativ fattigdom vere prioritet å nytte kommunen sine tilgjengeleg ressursar, at det ikkje nødvendigvis skal medføre fleire tilsette.
Kommunestyret oppfordrar rådmannen til å hente kunnskap og inspirasjon frå «Familiepartner», ei løysing utvikla av SOS-barnebyer. Kommunestyret oppfordrar rådmannen til også å hente kunnskap og inspirasjon frå ReHabiliteringsklinikken v/Helse Bergen.
Rådmannen leverer sak til kommunestyret våren 2023.

Tilleggspunkt 8. Ny kunstgrasbane i Hagabotnane. Sett fram av Knut Harald Frøland, Bygdalista:
Rådmannen får i oppgåve å undersøkje moglegheiter for etablering av ny kunstgrasbane m/undervarme i Hagabotnane. Rådmannen leverer sak til kommunestyret våren 2023.

Tilleggspunkt 9. Motorsportbane. Sett fram av Knut Harald Frøland, Bygdalista:
Rådmannen får i oppgåve å undersøkje moglegheiter for å etablere motorsportbane for trial og enduro i Samnanger. Rådmannen leverer sak til kommunestyret i løpet av 2023.

FORM- 063/2022 Vedtak:
Framlegg frå rådmannen til budsjett og økonomiplan 2023–2026 blir lagt ut på høyring, og innkomne tilleggspunkt blir lagt med som protokollmerknad til høyringa.

Dokument som er vedlagt:
Vedtekne budsjettpremissar for 2023- 2026
Statsbudsjettet 2023 - kommuneopplegget

Brev frå Statsforvaltaren i Vestland Økonomiplan 2022- 2025
Plan prosjekt framtidig behov - tenestestruktrur og lokasjonar
Program handlefridom - gjennomgang av drifta
Vedtekter innovasjons- og utviklingsfond - framlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2023-2025 i Framsikt vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist vert sett til 24. november. Link til budsjettframlegget: Økonomiplan 2023- 2026 Samnanger (framsikt.net)

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023- 2026 vert vedteke slik det ligg føre

2. Budsjettert låneopptak i 2023 med bakgrunn i investeringsbudsjettet er på samla 26,66 mill. kr. Av dette skal det takast opp eit lån på 5,5 mill. kr innan sjølvkost som skal gå til VA infrastruktur (4 mill. kr) og Reservevassforsyning (1,5 mill. kr).

   Dette i samsvar med kommunelova § 14-15 fyrste ledd.

3. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 vert lik oppstillingane i bevilgningsoversikt drift §5-4, bevilgningsoversikt investering §5-5, økonomisk oversikt drift §5-6 og oversikt gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar §5-7.

4. Årsbudsjettet for 2023 vert vedteke på sum netto driftsrammer for sektorane, rådmann, fellesinntekter og felleskostnadar.

5. Rådmannen vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. samsvar

   Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
   - Justere budsjetta som følgje av sentrale og lokale lønsoppgjer
   - Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer
   - Gjennomføre låneopptak; nye lån og refinansieringar
   - Utføre budsjettreguleringar av teknisk karakter innanfor drift og investering

6. Kontrollutvalet vert gjeve ei ramme på 848 100 kr.

7. Barnevernsutvalet sitt budsjett vert vidareført, oppjustert til 2023- tal.

8. Det vert starta eit arbeid med heilskapleg plan for framtidige behov.

9. Program for handlefridom skal gjennomførast i planperioden 2023- 2026.

10. Det vert oppretta eit kommunalt innovasjons- og utviklingsfond med eigne vedtekter. Fullmakt og delegering vert ført inn i kommunen sitt delegeringsreglement.

11. Det vert gjeve ei fullmakt frå politisk nivå til rådmann i høve til å framforhandle avtalar som kan avslutte pågåande rettssaker innanfor barnevernsområdet. Dette innanfor dei økonomiske rammene for budsjett 2023.

12. Tilskot til Samnanger kyrkjestyre vert lagt fram i eiga sak

13. Betalingssatsar – gebyr avgifter 2023 vert lagt fram i eiga sak

14. Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i kommunen i 2023. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 ‰. Satsane er differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 1,4 ‰. Satsen for bustadar og fritidseigedomar vert med det halvert.

    For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

    Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget som vert redusert med 5/7 delar i 2023. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

    I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

    I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

    I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 2 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

    Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Dokument som er vedlagt:
Vedtekne budsjettpremissar for 2023- 2026
Statsbudsjettet 2023 - kommuneopplegget
Brev frå Statsforvaltaren i Vestland Økonomiplan 2022- 2025

Plan prosjekt framtidig behov - tenestestruktrur og lokasjonar
Program handlefridom - gjennomgang av drifta
Vedtekter innovasjons- og utviklingsfond - framlegg

Dokument som ikkje er vedlagt:
Økonomireglement
Finansreglement

Kva saka gjeld:

Økonomiplan for perioden 2023- 2026 og årsbudsjett for 2023 for Samnanger kommune. Rådmannen sitt framlegg i Framsikt følgjer saka.

Det går fram av § 14-2 i kommunelova at kommunestyret skal vedta økonomiplanen og årsbudsjettet. Det går vidare fram av kommunelova (§ 14-3) at økonomiplanen og årsbudsjettet skal vedtakast før årsskiftet. Økonomiplanperioden er fire år.

Formannskapet skal etter kommunelova § 14-3 gje innstilling til kommunestyret til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett.

Kapittel 14 i kommunelova gir også reglar om innhald og inndeling av økonomiplanen og årsbudsjettet.

Eigedomsskatt

I medhald av eigedomsskattelova vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 ‰. Satsane vert differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 1,4 ‰. Satsen for bustadar og fritidseigedomar vert med det halvert.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget som vert redusert med 5/7 delar i 2023. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova vert det gjeve fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 2 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

Vurderingar og konsekvensar:

I rådmannen sitt framlegg til budsjett vert budsjettpremissane som kommunestyret vedtok følgt opp og innarbeida i framlegget. Vedtekne budsjettpremissar er vedlagt saka.

Det som ligg utanom budsjettet i høve til premissvedtak i juni, og som kommunestyret må ta stilling til er premiss nr 12. Til budsjettmøtet i desember skulle administrasjonen utgreie kva som skal til for å halda kunstgrasbana open, og eventuell kostnad med å halda kunstgrasbana vinteropen vert teken inn i budsjett for 2023. Det som ligg som ønska tiltak er 165 000 kr til brøyteutstyr og 40 000 kr til årleg ekstra vedlikehald grunna brøytinga.

I tillegg har ein ikkje klart å få netto driftsresultat så høgt som nøkkeltalet skulle tilseia; 2,5 %. Rådmannen er likevel nøgt med å kunne budsjettere med eit nettodriftsresultat for 2023 på 2,2 %. Eit slikt resultat for 2023 vil vere høgare enn tilrådd nivå på 1,75 %. Budsjettert netto driftsresultat for åra 2024- 2026 er og på eit tilfredstillande nivå; frå 1,7 % til 3,9 %. Dette er særs viktig, då gjeldsgraden til kommunen vil auke monaleg; frå 90 % i 2021 til 113 % i 2026.

Det vert elles vist til rådmannen sitt framlegg i Framsikt, og vedlegg til politisk sak for ytterlegare informasjon.